

Kommunale retningslinjer for søknad om permisjon/fri frå skolen utanom skolen sine ferie- og fridagar

Opplæringslova §2-11 har følgande føresegner om fri frå skolen: «Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute».

Generelle føresetnader ved behandling av søknad om permisjon – fri frå skolen

Rektor har delegert mynde til å gi fri etter oppl. §2-11 i inntil 10 skoledagar, samanhengande.

- Ved permisjon/fri for ein periode på meir enn 10 dagar må foreldre/føresette skrive elven ut av skolen.
- I slike tilfeller blir foreldra ansvarlege for heimeundervisning for sitt barn. Innhaldet - og opplegget for denne undervisninga skal godkjennast av skolen. Kommunen har eigen prosedyre for privat heimeundervisning.

Relevante moment som skal takast med i vurdering av om opplæringa i heimen er forsvarleg:

- skolen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- i kva grad eleven si læring blir ivaretatt i forbindelse med permisjonen.
- eleven sin permisjonshistorikk

Permisjonar skal innvilgast i tråd med barnekonvensjonen og være vurdert til barnet sitt beste

Ved tvil gjennomfører kontaktlærer samtale med eleven, for å kunne avklare at fråværet er til barnet sitt beste.

Det skal ikkje innvilgast permisjon i perioar med:

- statlege kartleggingsprøver
- nasjonale prøver
- eksamenar og tentamenar, skriftleg og munnleg, inkludert førebuingstid

I grunnskolen i Ålesund skal det normalt ikkje innvilgast permisjon for meir enn 10 dagar per skoleår.

Forhold som det kan innvilgast permisjon for

Forutsett at det er forsvarleg ut frå vurderingane ovanfor, kan skolen innvilge permisjon for:

- 1) Deltaking på møter i *Ungdommens bystyre / Barnas bystyre / Ungdomsrådet* eller tilsvarande
- 2) Deltaking i idrettsleg eller kulturell konkurranse / stemne / treningssamling på regionalt, nasjonalt eller internasjonalt nivå, samt i forbindelse med utøving av sentrale verv i politiske eller andre landsdekkande organisasjonar / politisk arbeid på nasjonalt eller internasjonalt nivå.

Forhold som det normalt ikkje kan innvilgast permisjon for - og unntak frå desse

Det blir normalt ikkje innvilga fri frå skolen for elevar som skal følge foreldre på ferie eller andre reiser i den tida skolen er i gang.

Følgande unntak kan likevel gjerast under forutsetning av at det blir lagt fram skriftleg dokumentasjon og at det blir vurdert som forsvarleg etter dei generelle forutsetningane ovanfor.

- 3) Anna heimland enn Norge
Elevar som sjølve har eit anna heimland enn Norge, eller har foreldre/føresette med anna heimland enn Norge, kan få fri for å besøke heimlandet sitt dersom reisa ikkje kan leggest til skolen sine feriar eller fridagar.
- 4) Alvorlege helsemessige forhold i familien
Elevar kan få fri for å følge familien på reise når ein må ha opphald i andre land / utanfor heimen av grunnar knytt til helse, og når det ikkje er mogeleg å plassere eleven heime eller hos andre. Dette krev dokumentasjon frå lege.
- 5) Forhold knytt til foreldre/føresette sine arbeidsforhold
 - a) Barn av foreldre som på grunn av sitt yrke er vekke frå heimen over lang tid, kan bli innvilga fri dersom det ikkje er andre moglegheiter for felles ferie.
 - b) Elevar kan få fri for å følge foreldra på ferie når dei er pålagde å ta sommarferie utanom skoleferiane. Slik skolefri kan berre bli gitt éin gang i grunnskolen.
 - c) Foreldre som foretar reiser i yrkesmessig samanheng, kan få innvilga skolefri for eit barn for å ta han/henne med når det ikkje er mogeleg å få andre til å ta seg av barnet.
- 6) Andre årsaker som kan gi rett til unntak frå reglane
 - a) Elevar kan få fri når deltaking i familiesamlingar som jubileer, barnedåp, konfirmasjonar mm, krev reisedagar. Dette vil også kunne gjelde ved gravferd i nær familie.
 - b) Elevar kan få fri når foreldre/føresette må foreta reiser av andre årsaker, og desse blir dokumentert skriftleg, og skolen vurderer det slik at det vil skape ein heilt utilfredsstillande situasjon å sette barnet igjen heime.

Føresette sitt ansvar når ein elev er fritatt / gitt permisjon i samsvar med reglane ovanfor

Ein føreset at fritak/permisjon i samsvar med reglane ovanfor ikkje skal føre til meirarbeid for læraren/skolen, og føresette/elev er sjølv ansvarleg for at eleven er fagleg ajour etter fråværet.

Generelt

- Søknad om fritak/permisjon frå skolen skal skrivast på fastsett skjema, og normalt sendast vedkommende skole seinast fire veker før eleven sin aktuelle permisjon startar.
- Unntaket frå denne regelen er søknadar om fri for éin dag. Slike søknader kan sendast direkte til kontaktlærer gjennom dei kanalar ein bruker til kommunikasjon. Kontaktlærer behandlar slike søknader ut frå dei generelle forutsetningane for å kunne søke om permisjon/fri, slik desse er beskrive i dette reglementet.
- Vedtak om fritak/permisjon frå skolen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.